



Så grøn er skissa for sentrum frå Multiconsult

**Det er viktig å sikra dei største jordene i sentrum til landbruk. Det meinte dei 2 arkitektane frå Multiconsult som ikveld presenterte eit opplegg til arealstrategi for sentrum under eit positivt møte i Gamleskulen. Det var ei skisse med det ein kan kalla ein grøn profil, noko som også gjekk att i det Torunn**

**Åsheim og Hecto Pina hadde kalla ein vannkantpromenade. Kommunen har løyva 250 000 kroner til prosjektet. Hvis det skal utarbeidast eit komplett planoppdrag vil det kosta over ein million. Næringsrådgjevar Karin Thauland hadde da også denne sluttkommentaren:- No må vi leite etter meir pengar.**



Arkitekt Torunn Åsheim orienterar

Møtet hadde god oppslutnad, mellom anna av fleire formannskapsmedlemmer med ordføraren i spissen. Ei fyldig referansegruppe har og vore i arbeid. Skissa skal no justerast i samsvar med innspel som kom under møtet og vil truleg bli handsama i formannskapet i august. Torunn Åsheim var glad for oppdraget frå ei så aktiv bygd og opplyste at arealstrategien er eit grunnlag for seinare planar. Om jordvernet sa ho at dei hadde gått langt og vore restriktive men var noko usikre på kor sterkt presset eigentleg er på denne sektoren. Dei har satsa på fortetting fleire stader.

Det var mange spenstige innspel i skissa. Eit av dei var montering av trampoline ved Grano utifrå slagordet om å se og bli sett. Betre turmogelegheiter var påpeika fleire stader og det var også trong for opprusta bademogelegheiter.

Eit anna viktig tema var trafikk og parkering og brua var eit ømt tema som vart berørt av fleire. Ho er ein ålvorleg flaskehals som det snart må gjerast noko med.

Frå FAU var behovet for fleire parkeringsplassar ved oppvekstsenteret påpeika. Magne Huglen åtvare her mot at ein går for langt og syr putar under armene på dei unge.

Åsheim ville ikkje trekkja nokon annan konklusjon enn at dei førebels er undervegs, men at oppdraget hadde vore kjekt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



## Arealbruk

### Badestrand

Sikre ålmenta tilgang til badeplassen ved campingen og nedanfor skulen

Tilretteleggje med bålplassar, toalett, avfallsspann (og for eingongsgrillar)



Kva bør skje med badeplassane?